



SAKSHANDSAMAR  
Eva Sætersdal Walderhaug

VÅR REF.  
15/00073-26

DYKKAR REF.  
2014/24561-2

INNVALSTELEFON

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

ARK. Forvaltningsarkivet  
510.8

DYKKAR DATO  
VÅR DATO  
08.05.2015

Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd.  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

v/ Solveig Lohne Rongved

Hordaland fylkeskommune  
19 MAI 2015

## Statsbudsjettet 2015 kap 1429 post 70 - Bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) - Tilskot til Hordaland fylkeskommune

Riksantikvaren viser til søknad datert 28.01.15.

### **VEDTAK**

*Riksantikvaren gir med dette tilskot fra kapittel 1429 post 70 for 2015 på inntil 750 000 kr.*

### **Tilskot fra post 70 - BARK**

På bakgrunn av rapport fra Riksrevisjonen har Riksantikvaren i år utført ei gjennomgang av retningsliner og rutinar for alle sine tilskotsposter. Vi beklagar derfor at søkeradsbehandlinga er forsinka i år.

Frå Statsbudsjettet 2015 kap. 1429 post 70 er det satt av totalt 11 millionar kroner til skjøtsel av bergkunst og andre arkeologiske kulturminne gjennom Bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) og Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG). Riksantikvaren har tatt i mot søkerader om tilskot på totalt 19 millionar kroner til dette formålet i 2015.

BARK er ei tiårig satsing på skjøtsel, tilrettelegging og formidling av eit prioritert utval arkeologiske kulturminne. Fylkeskommunane og Sametinget har tidlegare utarbeidet oversikter over prioriterte kulturminner dei ønskjer skal bli tilrettelagte gjennom programmet. I handsaminga av søkerader vektlegg vi krava og kriteria som er omtala i vårt informasjonsskriv av 16.12.14 og i Klima- og miljødepartementets rundskriv T-1/14 *Tilskotsordningar for 2015* av 26.11.14.

### **Tilskotet for 2015**

Tilskotet gjeld prosjekta som er vist nedanfor:

<b>Prosjekter</b>	<b>Total kostnad</b>	<b>Søknad</b>	<b>Tilskot</b>
Skjøtsel Munketreppene 2	1 985 000	400 000	300 000
Rommetveit	184 050	92 050	
Høybøen, Vindenes	65 000	10 000	10 000
Hæreidsmoen	421 000	150 000	150 000
Hystadmarkjo	361 500	180 000	180 000
Fosnstraumen	220 000	110 000	110 000
<b>Totalsum</b>	<b>3 236 550</b>	<b>942 050</b>	<b>750 000</b>

Alle tiltaka er vurdert som støtteverdige men det er gjort prioriteringar ut frå samla budsjett i programmet i år. Riksantikvaren gir eit tilskot som skal nyttes til steinarbeid i Munketreppene, under føresetnad av at skjøtselsplanen som er under utarbeiding ferdigstilles i år. Vi viser og til Riksantikvarens brev av 05.05.15 når det gjeld dette prosjektet. Tilskot til Hæreidsmoen kan nyttes til skjøtsel og skilting, men vi gir ikkje tilskot til benkar. I Stord kommune har vi valt å gi tilskot til tiltak i Hystadmarkjo, som vi meiner har stor opplevingsverdi . Her bør det og lages skjøtselsplan dersom det ikkje er gjort. Det kan søkas på nytt om tilskot til prosjektet på Rommetveit til neste år. Vi legger til grunn for tilskotet att tiltaka blir utført slik dei er gjort reie for i søknaden.

#### **Riksantikvarens generelle merknader**

Skjøtsels- og tilretteleggingstiltak kan medføre inngrep som krev dispensasjon frå Kulturminneloven. Dette gjeld og i tilfelle der det er gitt tilskot. Tilskotet gis difor under føresetnad av at nødvendige godkjenningar ligg føre før tiltaka vert utførte.

Riksantikvaren minner om at det for alle skjøtsels- og tilretteleggingsprosjekt skal vere utarbeida skjøtselsplan eller vere skjøtselsplan under utarbeiding som del av prosjektet, og at det for større prosjekt bør vurderas å avtalefeste ansvar for oppfølging og finansiering.

Tilstand og anna relevant informasjon om lokalitetar omfatta av dei planlagde skjøtsels- og tilretteleggingstiltaka skal oppdateras i Askeladden som ledd i rapporteringa på tiltaka.

#### **Klagehøve**

Vedtaket kan klagast til Miljøverndepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage blir stilt til klageinstansen, men blir sendt til Riksantikvaren innan tre - 3 - veker frå dette brevet er mottatt, jf. forvaltningslova § 29.

#### **Tilskotsreglementet**

Med tilvising til Tilskotsreglementet § 10 gjer vi merksam på at Riksantikvaren har høve til å føre kontroll med at tilskotet blir brukt etter føresetnadane. Riksrevisjonen har tilsvarande kontrollhøve heimla i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

#### **Utbetaling, rapportering og regnskap**

Tilskotet kan utbetales etter kvart som tiltaka er utført, og rapport og regnskap sammen med førespurnad om utbetaling er sendt Riksantikvaren. Mottakaren må samtidig dokumentere at anna finansiering er i orden i forhold til finansieringsplanen. Ved endringar i finansieringsplanen må Riksantikvaren varslas med ein gong.

Av omsyn til statsforvaltingas fristar må krav om utbetaling av tilskot for 2015 saman med rapport og regnskap være Riksantikvaren i hende seinast 1. november 2015. Det må søkas om eventuell overføring av unytta tilskot innan same frist. Riksantikvaren vil ettersende elektroniske rapporteringsskjema for 2015.

Det skal leveras sluttrapport og sluttregnskap for alle prosjekter, med beskriving og illustrasjon av utførte tiltak og resultat. Anna finansiering skal også vises i regnskapet. Vi ber om at eit utval digitale fotografiar frå utførte prosjekter følgjer med rapporten.

Dersom det tidlegare er motteke tilskot frå BERG må sluttrapporter og regnskap for ferdige prosjekter, eller statusrapport for prosjekter som ikkje er avslutta, sendes Riksantikvaren før årets tilskot kan utbetales.

Vedlagd følger *Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 70 - BARK og BERG*. For utbetaling av tilskot er det ein føresetnad at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget blir akseptert. Dette gjeras ved å fylle ut vedlagde akseptskjema og returnere til oss innan 4 veker etter at dette brevet er motteke.

Spørsmål knytte til tiltaka eller gjennomføring av dei kan rettes til Eva S. Walderhaug, direkte på tlf. 98 22 87 19 eller e-post [esw@ra.no](mailto:esw@ra.no).

Riksantikvaren ynskjer lykke til med årets arbeid!

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)  
seksjonssjef

Eva S. Walderhaug  
seniorrådgjevar

Vedlegg:

- 1) Retningsliner og vilkår for tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 70
- 2) Skjema for aksept av vilkår





## Aksept av vilkår for tilskot – BARK

*Sendes Riksantikvaren seinast 4 veker etter dato for motteke tilsegnsbrev. Tilskotet fell bort dersom ikke mottakar skriftleg aksepterer føresetnadene for tilsegsna.*

Underteiknande har motteke tilsegn om tilskot for 2015, frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 70 – Bevaringsprogrammet BARK:

Riksantikvarens saksnummer: .....

Tilsegnsbrev datert: ..... Samla tilsegnsbeløp: .....

Eg/vi kjenner retningslinene for tilskotet og aksepterer med dette vilkåra slik dei står i tilsegnsbrevet og i vedlagde VILKÅR FOR TILSKOT, STATSBUDSJETTET KAP. 1429 POST 70.

Institusjon:	
Kontonummer:	
Merk utbetalinga:	

.....  
*Signatur*

.....  
*Sted*            *Dato*

**Akseptskjema returneras i utfylt stand til:**

RIKSANTIKVAREN  
BARK v/Eva S. Walderhaug  
Dronningensgate 13  
Pb. 8196 Dep. 0034 Oslo



## **RETNINGSLINER OG VILKÅR FOR TILSKOT FRÅ STATSBUDSJETTET KAP. 1429 POST 70 - BARK OG BERG**

**For at tilskotet skal utbetalast må arbeida/tiltaket/aktiviteten vere gjennomført som spesifisert i tilskotsbrevet og retningslinene og vilkåra nedanfor må vere følgde.**

### **Informasjonsplikt**

Mottakar av tilskotet skal melde skriftlig frå til Riksantikvaren dersom nokon av føresetnadene for prosjektet - teknisk/faglig, økonomisk eller framdrifta – har endra seg. Likeeins skal det meldast frå dersom det oppstår noko uføresett. Det må søkjast særskild om å få omdisponere tilskotsmidlar til andre delar av prosjektet eller andre tiltak.

### **Aksept**

Mottakar av tilskotet må stadfeste at retningslinene og vilkåra for tilskotet er aksepterte. Det er difor ein føresetnad for utbetaling at skjemaet for aksept av retningslinjer og vilkår for tilskot vert returnert til Riksantikvaren innan fire veker etter at tilsegnsbrevet er motteke, elles fell tilskotet bort. Aksepten gjeld både formuleringar i tilsegnsbrevet og i dette vedlegget.

### **Utbetaling**

Tilskotet kan utbetalast når mottakar ber skriftleg om dette. Brevet skal innehalde dokumentasjon på at arbeida/tiltaket/aktiviteten er sett i gang eller er utført. Eventuell utbetaling på førehand må avtalast særskild for kvart einskild høve.

Riksantikvaren tek etterhald om å kunne halde attende heile eller delar av tilskotet fram til sluttrekneskap og rapport er motteke.

### **Rapport og regnskap**

Snarast råd, og seinast 3 månader, etter at prosjektet er avslutta, skal det sendast rekneskap og sluttrapport. Dersom arbeida går over fleire år skal det sendast inn rapport og rekneskap for kvart år innan fristen som er gjeve i tilskotsbrevet.

Rapporten skal innehalde relevant dokumentasjon der det går fram korleis arbeida/tiltaket/aktiviteten er gjennomført og om måla er nådde. Sjå tilskotsbrevet for nærmare informasjon om krava til rapportering.

Riksantikvaren kan krevje at prosjekt som tek imot tilskot sender kopi av bilaga til rekneskapen. Kulturminneforvaltinga kan krevje attestasjon frå revisor. Nærare retningsliner for dette finst i Finansdepartementet si rettleiing:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fin/vedlegg/okstyring/veileder\\_etablering\\_og\\_forvaltning\\_av\\_tilskuddsordninger.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fin/vedlegg/okstyring/veileder_etablering_og_forvaltning_av_tilskuddsordninger.pdf) under pkt. 5.8 *Bruk av revisorattestasjon*



### **Løvvingsreglementet**

Vi syner til § 10 i løvvingsreglementet og gjer merksam på at Riksantikvaren har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert nyttet etter føresetnadene. Riksrevisjonen har same høve til å føra kontroll med heimel i lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

### **Tilbakebetaling**

Riksantikvaren tek etterhald om at tilskotet kan bli kravd betalt attende, heilt eller delvis, dersom det syner seg at mottakar har gjeve urette opplysingar. Dette gjeld også dersom kostnadane syner seg å bli vesentleg lågare enn budsjettet i søknaden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført som føresett.